



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Helse- og sosialavdelinga

Dykkar ref:

Vår ref.: 2004/10088

Arkivnr.: 008

Vår dato : 26.10.04

Sosialdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 Oslo

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 200400403	Dok.nr.: 54
Arkivkode: 416.9	Dato: 28.10.04
Avd.: SAP	Saksber:
U.off.:	

Høyring NOU 2004:13: Ei ny arbeids- og velferdsforvalting

Fylkesmannen viser til høyring av NOU 2004: 13: Ei ny arbeids- og velferdsforvalting av 08.07.04.

Fylkesmannen meiner utgreiinga ikkje svarer til dei forventningane som vart skapte då Stortinget sende Stortingsmelding 14:2002-2003 attende til departementet og bad om ei ny utgreiing av *ein* velferdsetat beståande av Aetat, trygdeetaten og sosialtenesta.

Utvalet foreslår ein statleg etat for arbeid og inntekt, ein statleg etat for pensjonar og framleis kommunalt ansvar for dei som fell utanfor dei rettsbaserte ordningane (sosialtenesta).

Fylkesmannen kan ikkje sjå at utfordringa med kasteballproblematikk vert løyst med dette forslaget. Utvalet har heller ikkje drøfta storleiken på dei ulike ytingane som organisasjonane skal forvalte. Slik fylkesmannen ser det, er nettopp det faktum at trygdeytingane er for lave ein viktig grunn til kasteballproblematikken, ved at det i mange tilfelle er naudsynt med sosialhjelp som supplering av trygdeytingane.

Fylkesmannen vil koma nærare attende til dette under dei einskilde punkta som vert kommentert under.

Fleire i arbeid – færre på trygd

Både av omsyn til den einskilde arbeidssøklar og ut ifrå samfunnsøkonomiske perspektiv, er det eit viktig mål at dei som er i stand til det, skal arbeide og ikkje vere passive stønadsmottakarar. Samstundes er det viktig å peike på at det sterke fokuset på arbeidslinja ikkje må føre til at andre ordningar vert mindre rause. Mange av sosialtenesta sine brukarar vil til dømes ikkje vera aktuelle for arbeidslivet, i alle høve ikkje utan eit langsiktig perspektiv og mykje støtte og tilrettelegging undervegs. Det er viktig å sikra at alle menneske får tilgang til kvalitativt gode tenester uavhengig av kva for etat eller teneste som skal yta denne hjelpa i tida framover.

Den nye velferdsorganiseringa

Fylkesmannen ser at det kan vera fordelar med å laga ein samla *etat for arbeid og inntekt*. Personar som på ulike måtar skal ha ein relasjon til arbeidslivet vil lettare kunna få koordinerte tenester. Det er likevel vanskeleg å forstå korleis dette er tenkt i høve til

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fm-ro.stat.no	Langflåtn. 29	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 210 Sentrum	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568941

sosialhjelpsmottakarar. Kven av dei skal høyre til den nye etaten for arbeid og inntekt, og kven skal framleis vera sosialtenesta sitt ansvar? Skal det gjelda dei som gjev uttrykk for at dei er arbeidssøklarar, eller gjeld det og dei som blir motiverte og kvalifiserte gjennom til dømes arbeidstrening eller kurs?

Nokre av dei arbeidsledige treng tett sosialfagleg oppfølging for å bli i stand til å stå i eit ordinært arbeid. Denne kompetansen ligg i dag primært i sosialtenesta. Det må vera ei særleg utfordring å sikra den framtidige etaten for arbeid og inntekt god sosialfagleg kompetanse for å møte desse utfordringane.

Det går fram av utvalet si innstilling at dei personane som ikkje er aktuelle for arbeid, skal visast til sosialtenesta. Fylkesmannen vil her minna om føresetnadene i sosialtenestelova om at den økonomiske hjelpa skal vera av kortvarig karakter, og er derfor ikkje godt egna som livsgrunnlag for dei personane som over lang tid fell ut av arbeidslivet.

Når det gjeld forslaget om ein statleg *etat for pensjonar*, vil fylkesmannen understreka at det er viktig å ikkje svekka det tilbodet desse brukarane har i dag. Mange av dei brukarane som vil høre til denne etaten treng personleg oppfølging og vil ikkje få eit fullgodt tilbod gjennom telefon- og informasjon via IT.

Utvalet legg opp til at kommunen framleis skal ha ansvaret for sosialtenesta. Fordelen med dette er etter fylkesmannen si meining at tenestetilbodet vert lokalt forankra, nær brukarane. Fylkesmannen meiner at det er på høg tid å vurdere ei statleg finansiering av sosialhjelpa. Dette vil både kunna medverka til at stønadsmottakaren lettare kan føresjå kva inntekter han har å rutta med, og det vil motverka vilkårlege forskjellar i stønadsnivået mellom kommunane. Som tidlegare nemnt, var sosialhjelpa meint å vere ei kortvarig yting. Slik er det ikkje i dag. Utvalet viser til undersøkingar der det framgår at meir enn 30% av stønadsmottakarane mottok hjelp i over 6 månader. Av desse er det heile 33% som mottok sosialhjelp i meir enn 2 år.

Mange av sosialtenesta sine brukarar er i dag ramma av fattigdom. Statleg finansiering av sosialhjelpa, kombinert med nasjonale normer for stønadsnivået og fleksible tilleggsytingar vil kunne motverka dette.

Fylkesmannen meiner og det er viktig å sikra at dei som ikkje er arbeidssøklarar får tilgang på gode tenester og høg sosialfagleg kompetanse. Dette er mellom anna innvandrarar/flyktningar, menneske med psykiske problem, menneske med rusmiddelproblem eller menneske med psykisk utviklingshemming.

Ny statleg arbeidssøklarstønad

På den eine sida kan innføringa av ein slik stønad vera eit steg i rette retning i høve til statleg finansiering av ytingar. På den andre sida kan det vere med å understreka skilnadane mellom dei som er innanfor arbeidsmarknaden og dei som er utanfor.

Utvalet har ikkje drøfta storleiken på denne ytinga. Skal den vera tilstrekkeleg til å leva av utan supplerande sosialhjelp? Skal i så fall økonomisk sosialhjelp vera på same nivå? Viss nivået på desse to ytingane skal vera ulikt meiner fylkesmannen det er å ta eit steg attende til ei ordning med låge kommunale ytingar for dei av sosialtenesta sine brukarar som korkje er kvalifiserte for arbeid eller trygd.

Det er og uklårt korleis ein tenkjer at denne stønaden skal samsvare med til dømes dagpengar. Fleire av dei som får dagpengar får så låge ytingar at dei må få sosialhjelp i tillegg.

Fylkesmannen meiner det vil vera heilt urimeleg om desse skal få lågare ytingar enn dei som kvalifiserar for arbeidssøklarstønad.

Uvalet legg fram forslag om at etaten for arbeid og inntekt må ha ansvar for si eiga *førstelinjeteneste*. I tillegg kjem sosialtenesta sin førstelinjeteneste. Fylkesmannen kan ikkje sjå at denne løysinga medverkar til å få bukt med kasteballproblematikken.

Konklusjon


Fylkesmannen ynskjer at samordning av Aetat, trygdeetat og sosialteneste skal bli ein realitet. Dette vil kunna medverka til å redusere dobbeltarbeid og gje meir samordna tenester til den einskilte brukar. Prinsippet om "ei dør" er viktig å halde fast ved, men fylkesmannen kan ikkje sjå at dette er løyst med det forslaget som ligg føre. Fylkesmannen meiner det er viktig at ei ny organisering skal vera betre enn den som er i dag. For at dette skal kunna skje, må fylgjande føresetnader vera på plass:

- Økonomisk sosialhjelp må vera statleg finansiert, kombinert med nasjonale normer som er tilstrekkelege til å leva av og fleksible tilleggsytingar
- Kasteballproblematikken må løysast
- Ny arbeidssøkjjarstønad må ikkje vera på eit høgare nivå enn sosialhjelpa
- Den kommunale sosialtenesta må ha høg sosialfagleg kompetanse nær brukarane og tilgang til verkemiddel som kan imøtekoma brukarane sine behov

Med helsing



Harald Thune
fung.fylkesmann



Ole Mathis Hetta
avdelingsdirektør

Kopi: Fylkesmennene som e-post

Saksbehandlar: Gunn Idland